

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

Desember 2023



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Siri Elisabeth Eikemo
Soknerådsleiar Etne: Marta Onstein

Leiar i Etne kyrkjelege fellestråd:
Gerd Ingunn Opdal

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevje
kyrkjevevja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
53 77 11 71/47 25 35 29



Egil Larsen
Sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74



Tone Heide
Organist
toneheide65@gmail.com
41 33 64 09



Solveig Sørheim
Organist
organist@etnekyrkja.no
40 28 68 71



Liten stilling, stor jobb

Hels på Madelen Jacobsen Harboe. Ho er ein av våre kjære, flinke kyrkjetenarar!

Madelen er 18 år og går siste året på Lundeneset vidaregåande skule. Ho har jobba som kyrkjetenar sidan juni 2021. Ho har ei lita stilling, men gjer ein stor og viktig jobb i kyrkja. Ho stiller opp tidleg søndag morgon for å førebu kyrkjerommet til gudsteneste. Ho ordnar med blomar, sjekkar at mikrofonar er i orden og ringer i kyrkjeklokkene. Under gudstenesta hjelper ho til under dåp og nattverd, og etterpå tar ho ryddejobben og tel opp offerpengar.

Andre gonger er kyrkjetenaren sin jobb å bistå under konsertar eller bryllaup.

Det Madelen liker best ved jobben sin, er å møte menneska, både kjente og ukjente. Og så er det fint å ha ein jobb der ein får ta del i det kristne arbeidet i bygda.

Ei strime av von

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: *Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.*

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hende- ne, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds



son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtid bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i budskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sorgje, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Det sårbare barnet i krubba synt seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att

Av biskop Ragnhild Jepsen



Juleminne frå 1988

Vermeldinga for julafta var ikkje god, og dessverre traff ho så det susa. Orkanen frå nordvest feia beint inn Mastrafjorden mellom Rennesøy og Mosterøy som presten måtte kryssa fram og tilbake på veg til gudstenestene i Utstein kloster og Sørbo kyrkje.

Eg var prest på dei fem øyane i Rennesøy, som Rennfast enno ikkje hadde knytt saman med tunnellar og bruer. Reisene imellom gjekk med ferje eller skyssbåt, om eg ikkje drog i gong påhengsen på den vesle trebåten vår. Det siste var i alle høve uaktuelt denne dagen.

Skysskaren min, Torgeir Vareberg, stilde i god tid ved kaien i Vikevåg. Det var ikkje dagen for full fart, og me lista oss i grov sjø over mot Vodlakaien på Mosterøy. Klokkar Kristian hadde parkert oppi bakken for bilskyss vidare, medan bonden på garden, Nikolai, sto til knes i høgvatnet og bylgjene som skylde innover kaien. Det såg ut som om han gjekk på vatnet.

Tre gonger sveipte me forbi og kasta trossa, utan å lukkast. Seinare har eg tenkt at det var ei

lukka at dei slapp å ha ein søkkvåt og kald juleprest for altaret i dei staselege middelalderkyrkjene.

No stampa me oss i staden mot orkanen opp heile fjorden til ein våg nærare klosteret, litt meir i livd for ver og bylgjer. Bak det tjukke murane hadde kyrkjelyden hatt fin konsert i ventetida, med jentekoret, skulekorpset og orkanen som musikalske aktørar. Og berre ein halv time for seint kunne gudstenesta starta med fullsette benkjer.

Tilbaketuren var enklare, og med vinden i ryggen var farten god. Men og dei i Sørbo måtte nok venta den same halvtimen. Med på turen hadde eg far min og eldsteguten på 13, så trass uveret kjende me oss nok trygge om bord.

Messefall denne julafta var ikkje innom tanken eingong. Gudstenester er altfor viktige til å vika plassen for ein skarve orkan frå nordvest!

Harald Grønnevik

Konsert til inntekt for glasmåleria i Etne kyrkje



Søndag 29. oktober vart det arrangert ein innsamlingskonsert i Etne kyrkje til inntekt for dei 4 glasmåleria som er bestilt.

Harald Grønnevik knytte det heile saman på ein framifrå måte. Han framheva at «ordet, musikken og kunsten» er viktige element som dannar ein heilskap i kyrkja. Grønnevik orienterte om den anerkjende kunstnaren Per Odd Aarrestad som har utført meir enn 40 offentlege og allsidige oppdrag mellom anna i kyrkjer. Arbeida hans omfattar teikning, grafikk, skulpturar i tre, stein, metall, betong og glas.

Altertavla i Etne kyrkje er Per Odd Aarrestad sitt kunstverk, og dei nye glasmåleria vert laga i same stil. Dei 4 glasmåleria skal illustrera kronologisk: Kristi fødsel, død, oppstode og Himmelfart. Kunstnaren er oppteken av at glaskunsten skal vera abstrakt, ha djupn og gi eit religiøst preg i kyrkje-rommet. Glasmåleria til Aarrestad gjev rom for fordjuping og undring.

Soul Children spreidde ekte barnleg songgleder. Lovsongsgruppa lyfte taket gjennom eit sterkt engasjement og gnist. Duo Manna serverte song og musikk frå det rolege til det mektige – på kjent Duo Manna-

vis. Publikum gav uttrykk for at det var fint å få ta del igjennom allsongane.

141 gratis billetter vart delt ut til alle ved inngangen, og på dei vart det trakt 3 gevinstar: fruktkorg frå Rema, fruktkorg frå Coop Extra og rosemåla skrin frå Turid.

Det vart ein innhaldsrik og gripande glad-song-ettermiddag for både små og store. Stor takk til komitè, møteleiar, lydmann, songarar og musikantar, publikum, gjevarane av gevinstar og elles andre som var med og gjorde denne ettermiddagen til ei minnerik oppleving.

Og hjarteleg takk for pengegåvene som kom inn til glasmåleria under konserten,

kr. 20.667

ref: t-e-fat

Kostnaden med glasmåleria er rekna til kr. 500.000. Soknerådet har søkt støtte på ulike stader utan hell. Det er framleis ein søknad me ikkje fått svar på enno.

Vil du vera med å gi ei gåve til glasmåleria? Det kan du gjera via Vipps: 830010 eller bank: 3626 46 39640. - Takk!

Temakveld på Skånevik hotell

Skånevik sokneråd inviterter til ein temakveld på Skånevik fjordhotell. Helge Simones, tidlegare redaktør i Vårt Land, heldt eit spennande foredrag med tittelen : «Putins helige krig» Nesten 30 menneske hadde samla seg på hotellet for å høyre foredragshaldaren. Etterpå blei det gitt mulighet til å kommentere og stille spørsmål. Fleire benytta anledningen.



Foredragshaldaren har nettopp gitt ut ei bok med same tittel og har tidlegare skrive boka: «Trump, Gud og kirken» Han meinte at det var sterke fellestrekk mellom Russland og USA, mellom Putin og Trump. Begge hadde sterke fiendebilde, sterke konspirasjonsteoriar og sterke innslag av patriotisme. Og begge er opptatt av å ha Gud på sitt parti. Ein kan gjerne spørje kordleis Putin kunne greie å få kyrkja på sitt parti i eit land der ateismen tidlegare spelte så sterk rolle? I Russland er nå ca 70% kristne og tilhøyrer kyrkja. Putin har målbevisst vært opptatt av å få kyrkja på sitt parti, med å gje den privi-

legier og ferdigbygga katedralar, blant anna ein katedral som Stalin la i grus. Kordleis kan vi forstå Putin og hans forhold til kyrkja? Han brukar argument som at han saman med patriarken Kirill har eit gudgjeve oppdrag å redde Vesten frå forfallet og bringa det russiske folket tilbake til Gud. På den måten har han fått store deler av folket og kyrkja si støtte.

Det blei ein inspirerende kveld og hotellet varta opp med deilig suppe og rundstykker.

Egil Larsen



Gullkonfirmantane var inviterte til gudsteneste i Etne kyrkje 10. sept., mange møtte opp, og det var god drøs under kyrkjeekaffien etter gudstenesta.



Opne kyrkjer laurdag før Helgemesse

Mange fann vegen til dei kyrkjene som hadde opna dørene.

Stille kom dei inn, og stille tende dei lys.

I benkane gjekk samtalar om dei ein hadde mist, om gode minner, og om sakn.

Mange kjende på høgtid ved å få tre inn i dei fine, gamle kyrkjeromma, opplyst av levande lys og fylt med fin musikk.

Pilegrimar i regnver

Det var ingen klaging då konfirmantane i Skånevik og Etne gjekk pilegrimsvandring til Stødle kyrkje ein fredagskveld i slutten av september. Det regna før og etter og kom fleire regnskurer mens me gjekk også. Konfirmantane starta ved Etne kyrkje og fekk bli kjent med både forteljingar om Jesus og gamal historie på vandringa. Det var stopp under vegg. Mellom anna i prestegardshagen og ved kyrkjeskaret.

Det er praksis at pilegrimar går ein runde rundt kyrkja som er målet. Det gjorde me også, og luta oss inn den boga døra på nordsida av steinkyrkja. Inne var det godt og varmt. Tid for å leggja frå seg steinen dei fekk i oppdrag å plukka med seg som symbol på børen ein kan få gjennom livet og tenna lys i globen. Og setja seg i benken og ta fram nista. Ingvor Gundegjerde og Marta Onstein delte av sin kunnskap om kyrkja og gamal historie, og Marta delte fleire forteljingar frå bibelen.



I prestegardshagen fortalde Marta Onstein om underet då Jesus metta 5000 med fem brød og to fiskar, og etterpå fekk konfirmantane plukka med seg eit eple frå trea i hagen (foto Kari Vik Stuhaug).

Sokneprestane Egil Larsen og Kari Vik Stuhaug stod ansvarlege for opplegget og var godt nøgde med både konfirmantane si framferd og dei gode guidane sin medverknad. Tusen takk, alle!

Kari Vik Stuhaug



Etne kyrke

Helga 1.-3.sept. feira me 10-års jubileet t med flott konsert med Leif Ingvald Ska

Laurdagen var det aktivitetsdag for barn Etne soul children, med korsamling med klubben og speidaren hadde aktivitetar m hobbygrupper. Dagen vart avslutta me teneste med m

Søndagen var det jubelungudsteneste det med sokneprestane våre Kari Vik Stuhz gudstenesta. Etterpå var det god kyrkjele var helsingar både frå ordførar Mette H sokneprest Per Hjer



Markje 10 år

leiet til Etnekyrkja. Me starta fredag kveld i Skaug, der prosjektkoret også var med.

barn, der me markerte 20-års jubileet for med instruktør Siv Anett Sande. Fredags-ar midt på dagen, med matlaging og ulike med Soul Church, ei flott annleis guds-ed mykje song.

e det Prost Svein Arne Theodorsen saman stuhaug og Egil Larsen leia oss gjennom kjekaffi oppe på bedehuset, der det også te Heidi Bergsvåg Ekrheim og tidlegare Hjemdal med fleire.



Takk til våre annonsører!

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



EUROSKO

Etne Senter • tlf 53 75 60 44



LUNDENESET VGS

- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv

Studiespesialisering

IT og medieproduksjon

Påbygging til generell
studiekompetanse



Misjonssambandet
skoler



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Kveldsbøn i Skånevik kyrkje

Me lever i ei travel tid med høg fart og store omskiftinger. Alle treng me pausar og ro innimellom.

I bibelen kan me lese om Davids som seier i salme 132: «eg har fått mi sjel til å vere stille og roleg som eit lite barn hos mor si.» Jesus lærde vennene sine å be. Han gjekk ofte avsides for å be.

I den keltiske kristne tradisjonen blir me inviterte til å søkje Gud i alle ting.



Me har veksellesing mellom leiar og deltakarar - av bibelske salmar og ferdig forma bønner. Innimellom blir det lest ein bibeltekst og me syng nokre salmar.

Me nyttar heftet «Keltiske bønner» av Ray Simpson, oversett av Harald Grønnevik.

I adventstida vil Skånevik sokneråd ha open kyrkje for kveldsbøn desse onsdagene: 6., 13. og 20. desember kl 18.00

Kva er kveldsbøn? Me set i halvsirkel i koret i kyrkja. Samlinga startar med å tenne lys.

- ca 18.30. Me opnar kyrkja i god tid om du vil ha ei stille stund på førehand.



Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustadraummar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitektarbeid
- Teiknetenester
- Søknadsprossar

Vigor
BYGG

 **Systemhus**
Prisfaste og trygde sidan 1987



– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!


www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Familiegudsteneste

19. november var det dukka for familiegudsteneste i Skånevik kyrkje. Dagen før hadde 4-åringane vore på blikkjent-treff i kyrkja og no var dei på plass for å få 4-årsbok. Egil hadde kosta støv av flanellografen, og ungane fekk vera med og setja bilete til preiketeksten. I tillegg til 4-åringane, var ungar frå tripp-trapp med og song. Bønevandring er fast post på desse gudstenestene, der



små og store får bevega seg rundt på postar i kyrkjerommet.



Hausttakkefest

Både i Skånevik og Etne var det haustakkegudsteneste 24.september i år. Det er ein fin måte å samlast i kyrkja for å takka Gud for årets innhausting, både av frukt og bær, grønsaker og korn, og ikkje minst gras til alle husdyra våre.

Det har vore tradisjon heilt frå 1899 for å feira hausttakkefest i den norske kyrkja, gjerne rundt Mikkelsmesse som er 29.september.

LAUAREID
Service
SKL

Ølen Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær



Kjære 3. klassing i Skånevik og Etne

Me treng deg til å vere med å løyse oppdrag og mysterium! Derfor ynskjer me alle 3. klassingar i Skånevik og Etne velkomne til Tårnagenthelg og agentmøte i Gjerde kyrkje laurdag 20. januar frå kl 16.30 til 19.30. Søndag 21. januar lagar me til tårnagent-gudsteneste i kyrkja kl 11.

Velkommen som Tårnagent i Gjerde kyrkje!

Meld deg på, på kyrkja si heimeside
www.etne.kyrkja.no

Julegåve-verkstad for 9-åringar i Etne

I førjulstida får 9-åringane i Etne invitasjon til to samlingar på julegåveverkstad på KM-verkstaden på Sørstranda. Der kan dei få laga ting i trearbeid. Dette er eit populært tiltak, og det var 20

gutar og jenter som deltok dette året. KM-karane med Øyvind Matre i spissen gjer ein god jobb i å leggja til rette og gjennomføra samlingane. Bibelforteljing og pause med heimelaga boller og saft vart det også tid til. I februar skal det bli eit liknande tilbod i Skånevik også, ein snikkarverkstad for 4.klasse.



Livets gang

ETNE

Døpte:

- 20.08 Eline Haugen
20.08 Elias Riaunet Kringlebotten
01.10 Jens Jacobsen
07.10 Alma Åberg
22.10 Iris Nordtveit
05.11 Johanna Nordbø Haugen

Gravlagde/bisette:

- 18.08. Dorteia Moe Aakra
14.09. Olav Mala
19.09. Odd Eriksen
06.10. Turid Håland Augestad
10.10. Torbjørg Gundegjerde
20.10. Lars Flokketvedt
23.11. Odd Steinar Haugen

Kyrkjeporten treng di støtte

Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 808258



No er dei nye sokneråda
og fellesrådet på plass.
Dei nye sokneråda består av:

ETNE:

Marta Onstein – Leiar
Steinar Frønsdal – Nestleiar
Kjell Ingvald Matre
Gerd Ingunn Opdal
Elisabeth Vae Haaland
Tone Flokketvedt
Gerd Elin Kringlebotten
Gunnbjørg Ljusnes

Varamedlemmer:

Vidar Fagerjord Harboe
Kristin Finnes
Ingvor Gundegjerde
Øyvind Kaldheim
Hilde Lindås Nordhus

SKÅNEVIK:

Siri Elisabeth Eikemo – leiar
Silje Malene Garvik – nestleiar
Reidar Leknes
Ole Vidar Melkeraaen
Kari Johanson
Siren Vika

Varamedlemmer:

Astrid Askeland Johnsen
Henny Karin Haugen
Einar Olav Eintveit
Frode Molnes

ETNE KYRKJELEGE FELLESRÅD

Gerd Ingunn Opdal – leiar
Reidar Leknes – Nestleiar
Ole Vidar Melkeraaen
Kjell Ingvald Matre
Kenneth Lyng Karlsen – kommunal representant
Kari Vik Stuhaug – Geistleg representant



Frå venstre: Ingvor Gundegjerde, Vidar Fagerjord Harboe, Kjell Ingvald Matre, Tone Flokketvedt, Steinar Frønsdal og Gerd Elin Kringlebotten



de, Kristin Finnes, Gerd Ingunn Opdal, Gunnhjørn Ljusnes, Vidar
ald Matre, Gerd Elin Kringlebotten, Elisabeth Vae Haaland, Tone
al og Marta Onstein.



Frå venstre: Astrid Askeland Johnsen, Ole Vidar Melkeraaen,
sokneprest Egil Larsen, Reidar Løknes, Silje Malene Garvik, Siri
Elisabet Eikemo og Kari Johanson

Varamedlemmer:

Tone Flokketvedt – Etne
Steinar Frønsdal – Etne
Kari Johansson – Skånevik
Siren Vika – Skånevik
Andreas Aune – kommunal vara
Egil Larsen – Geisleg vara

Livets gang

SKÅNEVIK

Døpte:

10.09 *Emil Leknes Hovland*
24.09 *Emilian Handeland*
Kristiansen
08.10 *Nellie Solberg Aakre*
29.10 *Elias Eriksen Aga*
11.11 *Sigrid Rullestad*


Vigde

01.12 *Brita Eikemo*
og Patrik Egberg

Gravlagde/bisette:

15.09. *Jakob Hesvik Pedersen*
03.11. *Bernt Aakre*
17.11. *Inger Kristine Matre*
21.11. *Oddvar Ole Haugen*

Gudstenestekalender



1. jan.	12:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
7. jan.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
14. jan.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
14. jan.	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
21. jan.	11:00	Gjerde kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
28. jan.	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Svein Arne Theodorsen
4. feb.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
11. feb.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
11. feb.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
18. feb.	11:00	Stødle kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
25.02.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
25.02.	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
03.03.	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
10.03.	11:00	Frette kapell	Gudsteneste	Egil Larsen
17.03.	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.03.	17:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Egil Larsen
24.03.	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug

Endringar kan koma, følg med i Grannar.

Gudstenester i julehelga:

Frette kapell:

Julaftan kl. 13.00

Etne kyrkje:

Julaftan kl. 14.30 og 16.00

1.juledag kl. 12.00

1.nyttårsdag kl. 12.00

Fjæra kapell:

Julaftan kl. 13.30

Skånevik kyrkje:

Julaftan kl. 16.00

1.juledag kl. 11.00

Nyttårsaftan kl. 17.00

Velkommen!

Redaksjonsnemnda i kyrkjeposten: Reidun Sande, Harald Grønnevik, Silje Malene Garvik, Alf Østrem, Egil Larsen og Aud Jorunn Baustad. Layout: Mona Ingvild Svendsby